



Rauma kommune
Vollan 8A
6300 ÅNDALSNES

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/6318 - 25/26994	Ingeborg Forseth - 712 80 155	25.03.2025

Rauma kommune - kommuneplan - kommunedelplan for naturmangfald - uttale

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld oppstart av planarbeid for kommunedelplan for naturmangfald. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Gjennom mål, strategiar og tiltak skal ei plan for naturmangfald gi tydeleg retning for kor kommunen kan betre arbeidet med å unngå tap av naturmangfald, både gjennom arealforvaltning og konkrete tiltak. Planen skal også gi ei oversikt over naturmangfald i

kommunen, myndigheiter som har ansvar for forvaltninga og verkemidlar for å ivareta naturmangfaldet.

I tillegg til å gi retning for kommunens arbeid med naturmangfald, er formålet med ei slik plan å bidra til å betre kunnskapsgrunnlaget og auke kompetansen om naturmangfald i kommunen, hos administrasjon, politikarane og befolkninga.

Rauma kommune har lagt fram eit oversiktleg forslag til prosjektplan. Vi vil rå til at sjølve plana får ein handlingsdel med tidsramme som blir knytt opp til både budsjettprosess og økonomiplan, og dei andre kommunale planane, då særleg kommuneplanens samfunnsdel og som nemnt i prosjektplanen, ny arealdel og sjøarealplan.

Det er lagt opp til ein brei medverknadsprosess, og vi rår til at ein også legg opp til ekstern medverknad frå til dømes organisasjonar og enkeltpersonar med god kjennskap til det lokale naturmangfaldet. Ein kan også vurdere å invitere eige møte med grunneigarar då dei gjerne har god kunnskap om naturverdiar på eigen eigedom.

Kulturmiljø

Kommunen er den viktigaste forvaltaren av landskap gjennom god arealplanlegging. I samband med kommunedelplan for naturmangfald vil vi minne om at Romsdalen er ein del av kulturhistoriske landskap an nasjonal interesse (KULA). Fleire av dei mindre fjellgardane i Romsdalen er i dag fråflytta. Konsekvensen er attgroing av beitemark og slåttemark, i tillegg til bygningar og tun som forfell. Utan kontinuerleg slått vil slåttemarka opphøyrast, og enga vil miste slåttemarkspreget og gå over til ein annan naturtype. For å ta vare på jordbruks- og kulturlandskapet er det derfor viktig at kommunen stimulerer til tiltak som vil vedlikehalde jordbruksdrifta og husdyrhaldet.

Landskapet er sårbart for store og mindre terrenginngrep som til dømes masseuttak, vegbygging og hytteutbygging. Nye tiltak bør tilpassast landskapet, tradisjonell busetnad og terrenget. For å kunne ta vare på verdiane må kommunen sette rammer for arealbruken. Det kan til dømes gjerast gjennom å syne store delar av landskapet i kommuneplanens arealdel som omsynssone c) med særskilt omsyn til landskap. Føresegn og retningslinjer til kommuneplanens arealdel burde legge føringar for korleis kommunen ynskjer at landskapet skal forvaltast. Det kan derfor vere verdifullt å kople kommunedelplan for naturmangfald opp mot samfunns- og arealplan.

Vassmiljø

Planprogrammet legg opp til at vassdrag skal være eit sentralt emne i arbeidet med naturmangfaldplanen. Dette er viktig for å implementere omsynet til vassmiljø i kommunen si verksemd, og er såleis i tråd med [Nasjonale føringar for vannforvaltningen](#) kor kommunane har ei særleg viktig rolle i vassforvaltningsarbeidet. Vi oppmodar her om at Vanddirektivet/ vassforskrifta leggjast til som sentral føring under kapittelet; *Rammer og føringar*.

Kommunane har ofte førstehandskunnskap om vassførekomstane si tilstand og kva som påverkar dei. Kommunane har som sektormyndigheit på avløp, landbruk og plan ei nøkkelrolle i oppfølginga av vassforskrifta. Gjennom si myndigheit har kommunen ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innan drikkevatt og avløp, handtering av overvatt, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forureining.

Kommunen si planlegging er svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vatn. Gjennom planlegginga kan kommunen sette restriksjonar på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde. Det er svært viktig at kommunen si verksemd baserer seg på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om vassmiljøet og faktorar som påverkar dette. Vidare må verkemidla tas aktivt i bruk både i planlegging og forvaltning for å ivareta og gjenopprette god miljøtilstand i vassførekomstane.

Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 vart vedteke 31. oktober 2022. Plandokumenta er tilgjengelege på [Vannportalen](#). Her er fleire av kommunen sine ansvarsområde prioriterte satsingsområde i planperioden. [Vann-Nett](#) gir oppdatert kunnskap om miljømål, tilstand, påverknader og tiltak i den enkelte vassførekomst. Samarbeid er ein nøkkel for å oppnå gode resultat i vassforvaltninga. Vi oppmodar såleis til samarbeid med vassregionmyndigheita og andre sentrale aktørar, både med tanke på kunnskapsgrunnlag og aktuelle vassmiljøtiltak i handlingsdelen.

Ein av de største påverknadane i vassdraga våre er arealendringar og bit-for-bit nedbygging i og ved vassdraga. Rauma kommune har svært mange små og større vassdrag spreidd over heile kommunen. I avgrensinga av planen er det definert at fokuset vil være på de tettast befolka områda i kommunen. Inngrep og negativ påverknad på vassmiljøet skjer like gjerne utanom desse områda, og vi vil difor sterkt oppmode om at kommunedelplanen som utgangspunkt omhandlar alle vassdrag.

Kapittelet; *Viktige tema* kan med fordel omtale nærare kva for konkrete utfordringar som er gjeldande for vassmiljøet i Rauma, og vi oppmodar om at dette vert tatt inn i planprogrammet. Ei slik konkretisering vil også gjere det klårare kva for kunnskapsinnhenting og utredningar som vil krevjast i planarbeidet med tanke på vassmiljøet. Underkapittelet; *Sentrale tema* gir ei grei opplisting av fleire aktuelle tema, og behov for ytterlegare utgreiingar med omsyn til vassdrag. Til punktet om vassdrag vil vi peike på det pågåande sjøaureprosjektet [Mange bekkar små](#) i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som kartlegg levекåra og gjennomfører miljøforbetrande tiltak for sjøauren i regionen. Her finnes oppdatert kunnskap om tilhøva i mange mindre vassdrag, og den digitale karttenesta skal fungere som ei levande kunnskapskjelde for forvaltninga. Vi oppmodar difor om at kommunen bruker denne aktivt, både i arbeidet med denne planen, og i vidare oppfølging av vassmiljøet i kommunen. Ny kunnskap som kjem fram gjennom planarbeidet kan med fordel leggjast til den digitale kartdatabasen.

Det er viktig planen også omfattar sjøområda og det marine naturmangfaldet, og vi oppmodar om at dette kjem tydeleg fram i planprogrammet. For natur- og artsmangfald i sjø vil vi anbefale at alle relevante og tilgjengelege temadata inkluderast i planarbeidet. Sjølv om det er eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag har vi likevel ein del kunnskap som må inkluderast for å sikre at det marine naturmangfaldet vert ivareteke i størst mogleg grad. Nasjonalt program for

kartlegging av marint mangfald i kysten blei avslutta i 2019 og har kartlagt følgjande naturtypar og artar; større tareskogförekomstar, israndavsetjingar, blautbotnsområde i strandsona, ålegrasenger og andre undervassenger og skjellsandförekomstar, samt østersförekomstar, større kamskjellförekomstar og gyteområde for fisk (i hovudsak kysttorsk). Resultata frå kartlegginga er å finne i [Naturbase](#). I tillegg er det kartlagt gyteområde for andre artar som saman med andre relevante temadata er tilgjengelege i fiskeridirektoratet si kartløyising [Yggdrasil](#).

KONKLUSJON

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
fylkesplansjef
Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar
Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Fagsaksbehandlar:

Vassforvaltning: rådgivar Arne Håkon Sandnes, tlf. 71 28 03 50

Kulturmiljø: arkeolog Agathe Sofie Farstad Smørholm, tlf. 71 28 02 99



Statens vegvesen

RAUMA KOMMUNE
Vollan 8A

6300 ÅNDALSNES

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Anita Naas / 45730193

Vår referanse:
25/38927-2

Deres referanse:
25-00066

Vår dato:
25.03.2025

Uttale til varsel om oppstart av kommunedelplan for naturmangfold og høring av planprogram – Rauma kommune

Viser til høringsbrev datert 12.02.2025.

Statens vegvesen har ansvar for å påse at føringene i Nasjonal transportplan, statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss videre som forvalter av riksveg og som faglig sektormyndighet for vegtransport.

Kommunedelplan for naturmangfold i Rauma

Kommunedelplanen for naturmangfold er et resultat av vedtaket i Kommunal planstrategi 2024-2027, som ble vedtatt 19. september 2024. Som en del av den overordnede strategien er det besluttet at en kommunedelplan for naturmangfold skal utvikles i løpet av planperioden. Hovedmålet med denne planen er å legge til rette for bedre forvaltning av naturmangfoldet i Rauma og å forhindre ytterligere tap av biologisk mangfold. Planen vil være et essensielt verktøy for å sikre at naturverdier ivaretas på en bærekraftig måte og vil bidra til å danne et solid kunnskapsgrunnlag for det videre arbeidet med den kommende kommuneplanens arealdel.

Statens vegvesen har ut fra sitt ansvarsområde ingen merknader til verken planprogrammet eller oppstartsvarelet. Vi vil eventuelt komme tilbake med en endelig uttalelse når planen sendes på offentlig høring.

Som en del av arbeidet er det viktig å understreke at Statens vegvesen er meget positiv til at Rauma kommune setter i gang arbeidet med en kommunedelplan for naturmangfold. Dette er et viktig initiativ, og vi ønsker å gi Rauma kommune honnør for dette tiltaket. Videre

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturmottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

ønsker vi lykke til med det videre planarbeidet og ser frem til å følge fremdriften i prosessen.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Anita Naas
avdelingsingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Rauma kommune
Att:
Vollan 8A
6300 ÅNDALSNES

Fiskeridirektoratets uttalelse til høring av forslag til planprogram for kommunedelplan for naturmangfold — Rauma kommune — Møre og Romsdal fylke

Vi viser til oversendelse fra Rauma kommune datert 07.02.2025 angående høring av planprogram for kommunedelplan for naturmangfold.

Fiskeridirektoratets rolle i planarbeidet

Fiskeridirektoratet har som formål å fremme lønnsom og verdiskapende næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukerrettet forvaltning av marine ressurser og marint miljø. Samfunnsoppdraget overlapper i stor grad med FNs bærekraftsmål nummer 14 «*Bevare og bruke havet og de marine ressursene på en måte som fremmer bærekraftig utvikling*». Vi skal ivareta fiskeri- og havbruksnæringenes interesser i planarbeid.

Om planarbeidet og planprogrammet

Rauma kommune har startet arbeid med en tematisk kommunedelplan for naturmangfold. Formålet med planen er å skape bedre forutsetninger for å ivareta naturmangfoldet og naturverdiene i kommunen på en bærekraftig måte. Planområdet omfatter hele kommunens areal, men vil vektlegge områder der naturmangfoldet er mest truet og under størst press.

Planprogrammet er oversiktlig og gir god informasjon om arbeidet med naturmangfoldplanen. Det kommer klart frem hva som er formålet med planarbeidet, omfang og avgrensing, planoppbygging, rammer og føringer, sentrale tema, samt omtale av planprosess og medvirkning. Det ville vært positivt med en klarere beskrivelse og prioritering av utredningstema/områder. En vedtatt plan bør slå fast hvilke rutiner kommunen skal ha for å oppdatere faktagrunnlaget i fremtiden.

Et sentralt mål med en slik plan bør være å styrke natur- og arts mangfoldet og ta vare på naturen i kommunen gjennom bærekraftig forvaltning og god arealforvaltning. Planen bør bidra til å utdype målene i kommuneplanens samfunnsdel og gi viktige innspill som må tas med i rullering av kommuneplanens arealdel. Det er positivt å registrere at kommunen har tatt høyde for og har fokus på dette.

I kapittel «*Formål og rammer*» er det under «*Formål med planarbeidet*» sagt at; «*Det overordnede formålet med planarbeidet er å skape bedre forutsetninger for å ivareta*

naturmangfoldet og naturverdier i Rauma på en bærekraftig måte». Videre at «Planen skal være et samlet kunnskapsgrunnlag om naturmangfoldet i kommunen, og et retningsgivende verktøy i forvaltningen av kommunen. Dette vil blant annet være et bidrag til arbeidet med kommuneplanens arealdel, med kunnskap og føringer» og at «Planarbeidet skal samle eksisterende kunnskap og identifisere kunnskapshull, og utgjøre et utgangspunkt for en handlingsdel med aktuelle tiltak for å forbedre forholdene for ulike naturtyper, arter og økosystemer».

Vi ser på dette som svært positivt, og vurderer at det er viktig med en konkret handlingsdel/tiltaksdel for å kunne følge opp og ivareta naturverdier. Det er et sentralt element for å sikre at kommunedelplanen blir en plan som følges opp og brukes aktivt i fremtiden. Blant annet vil det med tanke på de naturverdiene som finnes i Rauma være sentralt at det utarbeides konkrete tiltak og satsingsområder knyttet til ivaretagelse og beskyttelse av viktige naturverdier som en del av planen.

Med bakgrunn i Fiskeridirektoratets ansvarsområde er det viktig at kommunale planer for naturmangfold også omfatter kommunenes sjøarealer. Marint naturmangfold som er viktig for sjømatnæringene bør få oppmerksomhet og bli synliggjort i planarbeidet. Det er derfor positivt at planens dekningsområde omfatter hele kommunens areal, også sjøområdet.

I forhold til våre ansvarsområder og interesser ville vi vurdert det som positivt og relevant dersom kjente marine funksjonsområder for arter (f.eks. gyte- og oppvekstområder for torsk, blålange, vanlig uer og pigghå), samt natur som er viktig for økosystemtjenester (f.eks. ålegress og algeforekomster) og marine naturtyper som det er lite av lokalt tas med i planarbeidet (f.eks. bløtbunnsområder i strandsonen (Vikbogen-Hensøran og Hamrevågen).

I kapittelet «*Organisering av planarbeidet*» sies det «*Videre vil ulike eksterne fagpersoner og interessenter inviteres til å bidra underveis i prosessen. Aktuelle deltakere her kan være regionale myndigheter, forvaltere fra andre institusjoner, lokale representanter fra miljøorganisasjoner og andre relevante interesseorganisasjoner*». Og videre sies det «*For å innhente informasjon om naturområder av lokal verdi som ikke fanges opp i ordinære kartlegginger, vil det være viktig med medvirkninger fra både eksterne fagpersoner, sentrale lag/foreninger og enkeltpersoner. Det er aktuelt å legge opp til medvirkningsmøter med disse*».

Med tanke på medvirkning og en eventuell ressursgruppe anbefaler vi generelt at man i tillegg til å involvere personer i organisasjonen med faglig relevant kompetanse og arbeidsfelt også involverer lokale lag og organisasjoner, som for eksempel lokalt og/eller regionalt fiskarlag, jakt og fiskeforeninger, dykkeklubber og andre brukere av sjøområdene. Det er viktig med medvirkning fra både enkeltpersoner, lag/foreninger, organisasjoner og sektormyndigheter for å kunne danne et best mulig kunnskapsgrunnlag. Generelt oppfordrer vi til at fiskeri- og akvakulturaktører inkluderes aktivt i arbeid med slike planer. Lokale brukere av sjøarealet vil kunne bidra med nyttig og ikke nødvendigvis offentlig registrert kunnskap om forekomster av marint biologisk mangfold i kommunen.

Lokale utfordringer og trusler

Vi anbefaler at planprogrammets kapittel «*Utviklingstrekk og utfordringer*» i større grad konkret beskriver det man på nåværende tidspunkt vurderer som de største utfordringene og truslene mot naturmangfoldet lokalt i Rauma, og hvilke konkrete utfordringer man mener kommunen har i arbeidet med å ivareta naturmangfoldet. Etter vår vurdering vil en identifisering av de lokale truslene mot naturmangfoldet, og rangering av disse, være en viktig forutsetning for å kunne lande og prioritere treffsikre tiltak og virkemidler i en handlings-/tiltaksplan og i arbeidet med å styrke og ta vare på naturmangfoldet i kommunens forvaltning og saksbehandling. Lokale trusler i forhold til marint biologisk mangfold kan



eksempelvis være utbyggingspress på land og i sjø, herunder oppsplitting av sammenhengende økologiske funksjonsområder, bit-for-bit nedbygging, spredning av fremmede arter, akvakultur, samt tiltak som dumping, utfylling og mudring i sjø. Med tanke på forurensing kan lokale trusler mot naturmangfoldet for eksempel være massehåndtering, avløpsanlegg og utslipp, marin forsøpling og syredannende bergarter.

Naturmangfold som er viktig for sjømatnæringene

Marine naturtyper er ofte leveområde for høstbare marine arter. Slike naturtyper som er viktige for sjømatnæringene inkluderer blant annet korallforekomster, større tareskogforekomster, ålegressenger, skjellsand og bløtbunnsområder i strandsonen. Ressursområder er områder som er viktige for at ulike marine arter skal kunne formere seg, vokse opp og inngå i høstbare bestander. Dette kan være gyteområder, oppvekst- og beiteområder.

I Fiskeridirektoratets kartløsning Yggdrasil er det samlet informasjon om registreringer av denne typen områder. Ved å følge lenken nedenfor, kommer du til en versjon av Yggdrasil der kartlagene for registreringene omtalt ovenfor er aktivert: [Kart med marine naturtyper og ressursområder](#)

I Rauma kommune vil vi særlig trekke fram:

Gytefelt

Havforskningsinstituttet (HI) har registrert to gytefelt for torsk i kommunen. Gytefeltet i Rødvenfjorden er verdivurdert som regionalt viktig, og beskrevet med middels egg (2) og stor tilbakeholdelse av egg (3). I Isfjorden er gytefeltet navngitt som Breivikstranda verdivurdert som lokalt viktig og beskrevet med noe egg (1) og stor tilbakeholdelse av egg (3). Fiskeridirektoratet har registrert gyteområde for lysing innenfor begge disse områdene.

Marine naturtyper

Innenfor planens virkeområde er det en flere områder som har registrerte forekomster av marine naturtyper som er viktige for sjømatnæringene.

I vårt kartverktøy Yggdrasil og i Miljødirektoratets Naturbase er det registrert 21 ålegressamfunn og 11 større tareskogforekomster, samt to bløtbunnsområder i strandsonen. Vi vil spesielt påpeke viktigheten av slike områder som ligger i og i nærheten av de omtalte gytefeltene og gyteområdene, da de kan være potensielle oppvekst- og beiteområder.

Innspill til videre planarbeid

Et rent og rikt hav, som ikke er forurensset og som har et rikt naturmangfold, er en forutsetning for sjømatnæringene. God planlegging er nødvendig for at menneskelig aktivitet i så liten grad som mulig skal påvirke kystsonen og livet i havet negativt.

Gyte-, oppvekst og beiteområder har behov for beskyttelse både mot arealbeslag og mot tiltak som har negative konsekvenser for naturforholdene i og ved områdene. Områdene bør synliggjøres i planen for naturmangfold. En god oversikt over viktig marint naturmangfold vil være grunnleggende for de vurderinger og avveininger som skal gjøres når ulike planer skal utarbeides eller revideres, samt når ulike tiltak omsøkes både på land, i sjøen og i strandsonen. Dersom kommunen i planarbeidet får kjennskap til marine ressursområder som ikke er registrert, ber vi om å bli informert.

Noen marine arter er særlig sårbare. Det gjelder blant annet kysttorsk, vanlig uer, blålange, pigghå og hummer. Fiskeridirektoratet mener det er særlig viktig at kunnskap om forekomster av rødlistede marine arter synliggjøres i planer for naturmangfold. Vi anbefaler



at disse artene får særlig oppmerksomhet i naturmangfoldplanen, og vurderer det som positivt at rødlistede arter er blant omtalte sentrale tema.

Når det gjelder trusler mot naturmangfold vil vi framheve marin forsøpling og spredning av fremmede arter. Som for all annen forurensing er det viktig å begrense ny tilførsel, spesielt i områder med sårbart og/eller viktig naturmangfold. Kunnskapsinnhenting om marin forsøpling og fremmede arter, og omfanget av dette i kommunen, kan også være aktuelle utredningstema eller tiltak i handlingsdelen.

I dette planarbeidet vurderer vi at tema som blant annet rødlistede arter, arter av nasjonal forvaltningsinteresse, funksjonsområder, naturtyper, verneområder, gytefelt, korallforekomster, NiN kartlegginger og artskartlegginger er relevante tema det kan være aktuelt å gjøre rede for.

I kapittelet «*Formål med planarbeidet*» fastslås det at «*Kommunedelplanen for naturmangfold er en temaplan som ikke er juridisk bindende for arealbruken i kommunen, men som skal bistå overordna forpliktelser om ivaretaking av naturmangfold og bidra med kunnskap og føringer inn mot det kommende arbeidet med ny kommuneplanens arealdel*». Områder kommunen mener er spesielt viktige for naturmangfoldet bør prioriteres og sikres i juridisk bindende planer. Ved at det utarbeides juridisk bindende bestemmelser for forvaltning av naturområder kommunen vurderer som viktige for naturmangfoldet vil man i større grad kunne oppnå at kommunedelplanen benyttes som kunnskapsgrunnlag, og blir førende i saksbehandling, arealforvaltning, i revisjon av kommuneplanens arealdel og i planlagt arbeid med ny sjøområdeplan, samt ved utarbeiding av nye detaljplaner.

Som kommunen har påpekt vil ikke en vedtatt kommunedelplan for naturmangfold i seg selv gi noen direkte eller forpliktende føringer. Det er derfor sentralt at oppfølging av planen forankres i juridisk bindende arealplaner, handlingsplaner og budsjetter. Kommunedelplanen bør også innarbeides i kommuneplanens samfunnsdel for å sette søkelys på hensynet til natur og hvordan dette skal ivaretas ved kommunens myndighetsutøvelse.

Ved utarbeidelse av mål, strategier og konkrete tiltak i planen kan det være viktig å vurdere hvor kritisk det er at tiltak blir gjennomført, samt hvor ressurskrevende tiltakene er. Basert på dette bør det lages en tydelig og nivådelt prioriteringsliste over oppfølgende tiltak, slik at tiltakene lettere kan følges opp i praksis.

Fiskeridirektoratet mener at det er nødvendig å se bruk av land og sjø i sammenheng i kommuneplanarbeidet, slik at vi får best mulig forutsigbar utvikling og mulighet for å unngå arealkonflikter og negativ miljøpåvirkning. Dette er spesielt viktig ved blant annet planlegging av hytte- og boligtomter på land i tilknytning til sjø, småbåthavner, havneanlegg, industri- og næringsområder, landbasert akvakultur og vann- og avløpsnett. Likeså ved permanente og midlertidige tiltak i sjø som eksempelvis akvakultur, mineralutvinning, bølgekraftverk, vindkraft, uttak av skjellsand, opppankringsområder, sprenging, mudring, utfylling og dumpingsområder.

En kommunedelplan for naturmangfold vil kunne gi gode føringer for hvordan ivareta hensynet til viktige naturverdier, og være et godt utgangspunkt for innarbeidelse i kommuneplanens arealdel (i tillegg til samfunnsdelens mål og delmål). Ved å samle kunnskap om naturverdier av nasjonal, regional og lokal betydning gir det et viktig bidrag til grundig interesseavveining i etterfølgende arealplanprosesser. Kartframstillinger og tilhørende redegjørelser av lokalt viktige områder vil etter vår vurdering kunne gi et vesentlig forbedret beslutningsgrunnlag i kommunens saksbehandling, og bør derfor gis høy prioritet.



På nettsiden [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](http://fiskeridir.no) har vi samlet informasjon og planfaglige råd om blant annet marine naturtyper og ressursområder.

Videre planprosess

Vi anbefaler kommunen å bruke kunnskapen som vi har henvist til ovenfor som utgangspunkt for å inkludere sine sjøarealer i planen for naturmangfold.

Ved videre kontakt i saken, vær vennlig å vise til vårt saksnr. 25/2247 og benytte e-post-adressen postmottak@fiskeridir.no.

Vi ønsker Rauma kommune lykke til i det videre planarbeidet.

Med hilsen

Tom Hansen
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift.

Mottakerliste:

Rauma kommune	Vollan 8A	6300	ÅNDALSNES
---------------	-----------	------	-----------

Kopi til:

Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Statsforvaltaren i Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE





RAUMA KOMMUNE

Vollan 8A

6300 ÅNDALSNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale til kommunedelplan for naturmangfald - Rauma kommune

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi viser til brev av 7. februar 2025 med varsel om oppstart av planarbeid for kommunedelplan for naturmangfald og høyring av planprogram.

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide betre forutsetningar for å ivareta og forhindre tap av naturmangfald i Rauma kommune. Plana omfattar heile kommunen, men skal prioritere areal der naturmangfaldet er mest truga og under størst press.

Kommunedelplanen skal vere ein temaplan, og skal omfatte ein kunnskapsdel og ein handlingsdel, med satsingsområde og målsetningar for korleis naturmangfald skal fremmast og ivaretakast i kommunen, samt aktuelle tiltak for å oppnå desse.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Det er svært positivt at de vil utarbeide kommunedelplan for naturmangfald i tråd med vedtatt planstrategi 2024-2027. Vi håper dette kan bli eit godt grunnlag for arealdelen på land og sjøarealplana, som de har tenkt å varsle oppstart om i 2025. I arealdelen kan de juridisk sikre naturverdiane gjennom aktiv styring av utbyggingsmønster og avsette føremål som ivaretek naturverdiane som vert identifisert i denne plana. Å følgje opp arbeidet med planvask er også viktig.

Det er bra at de skal følgje prosesskrava i plan og bygningslova, for å sikre brei medverknad, samt politisk og administrativt forankring. Brei medverknad og involvering slik de legg opp til er avgjerande for at naturmangfaldet blir prioritert i kommunen i framtida.



Sidan det står at kommunedelplanen skal omfatte heile kommunen, føreset vi at det også gjeld areala i sjø, sjølv om dette ikkje er spesifisert.

Planprogram

Kunnskapsgrunnlag

Plana skal vere eit samla kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet i kommunen.

Kjeldene til kartfesta kunnskap om naturmangfaldet er mange. Regjeringa har i si satsing på økologisk grunnkart, som er eit kunnskapsløft om natur, samla stadfesta data om natur og landskapstypar, artar og miljøvariablar i ein felles kartportal. Andre kjelder til kartfesta naturinformasjon er Naturbase, Sensitive artsdata (skjerma innsyn), Artskart og Vann-nett. Kartfesta informasjon om lokalt viktig naturmangfald er tilgjengeleg i GisLink og innsynsløysinga til sjøaureprosjektet i Møre og Romsdal. Elles er Norsk rødliste for arter 2021 og Norsk rødliste for naturtyper 2018, samt fremmedartslista 2018 viktige kjelder til informasjon og kunnskap om trusselfaktorar.

Å innhente lokal kunnskap er ein viktig del av arbeidet. Vi oppfordrar til å involvere foreiningar som til dømes Norsk ornitologisk foreining, naturvernforbundet, dykkarforeiningar, jakt og fiskeforeiningar m.v for innspel til plana.

Miljødirektoratet har samla viktige og sjeldne naturtypar i ein instruks for kartlegging, slik at dei som kartlegg veit kva dei skal leite etter. I Miljødirektoratets kartleggingsinstruks er det valt ut 111 naturtypar som skal kartleggast. Det er lite areal i Rauma kommune som er kartlagt etter denne metoden. Det er kun registreringar i Romsdalen, eit mindre areal ved Kløvstien og nokre trasear i fjellområda mellom Isfjorden og Langfjorden.

Vi har meldt inn fire område i Rauma kommune for naturtypekartlegging i regi av Miljødirektoratet i 2025. Kartlegginga vil gje eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for sårbare naturtypar innafor desse areala (NIN-kartlegging i tråd med Miljødirektoratet sin instruks).

Områda omfattar areal i Skorgedalen, Herje, Kavliheia og Venjesdalen og går fram av denne innsynsløysinga; [NIN Offenlig Visning \(arcgis.com\)](https://arcgis.com). Endringar/justeringar i innmeldte areal kan skje. Miljødirektoratet har lyst ut oppdrag om kartlegging, og endelege kontraktar om dette er forventa å bli signert i slutten av mars i år. Resultata frå slike kartleggingar kan forventast offentleggjort innan februar 2026. Vi gjer også merksam på at kommunen kan foreslå område til NIN-kartlegging sjølv. Då melder de inn område via oss.

Kunnskap om artar og naturtypar på land og i ferskvatn er generelt langt betre enn kunnskapen i det marine miljøet. Miljødirektoratet arbeider med ny metode for marin kartlegging (NN 3.0), som skal vere klar rundt 2026. Det er nokre registreringar av viktige marine naturtypar som er kartlagt etter DN handbok 19 i Rauma frå før. Vi gjer merksam på at nokre av desse registreringane er basert på modelleringar og at dei kan ha behov for verifisering i felt.

Vi vil elles peike på behovet for å identifisere funksjonsområde for artar og oppdatert kunnskap om hekkeplassar for rovfugl og ugler, samt landformer og naturtypar med sentral økosystemfunksjon og som lagrar karbon, som myr og våtmark, tidevasseng/sump og gamal barskog.



De har tenkt å undersøke om det er område som kan restaurerast. På [denne sida](#) hos Miljødirektoratet finn de døme på aktuelle restaureringstiltak. Rauma har særleg viktig vassdragsnatur, og vi rår til å ha særleg vekt på dette temaet.

De har også tenkt å identifisere kva som er dei største trugslane mot naturmangfald i Rauma. Dette, sett i samanheng med innhenting av kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet vil utgjere eit viktig verktøy ved rullering av arealdelen. At de har tenkt å fokusere på kunnskap om natur opp mot planreserve er positivt.

Tilskotsordningar

De kan søkje Miljødirektoratet om tilskot til tiltak for å ivareta natur. Ordninga omfattar mange ulike tiltak de kan lese om på [Miljødirektoratet sin side](#).

Innspel til handlingsdelen

Vi rår til at de lager eit mål om å betre kunnskapsgrunnlaget for naturtypar ytterlegere i åra som kjem, der de prioriterer pressområda først. De kan også krevje kartlegging i nye større planar, samt involvere naturfagleg kompetanse i oppstartsmøter.

Nokre naturtypar i kommunen krev skjøtsel for å ivareta naturverdiane. Eit døme på dette er slåttemark, som er ein kritisk truga og utvalt naturtype. Vi rår kommunen til å kartlegge naturtypar som har behov for skjøtsel, og eventuelt foreslå konkrete tiltak for å betre tilstanden til desse naturtypane.

Økolog Steinar Vatne fekk i 2024 tilskot frå oss til å utarbeide forvaltningsråd for truga artar i edellauvskog og gamal ospeskog i Rauma og Molde. Dei største trugsmåla mot artsmangfald i edellauvskogane som blir trekt fram i rapporten er for store hjortebestandar, framande og ikkje stadeigne artar og askeskotsjuke. Rapporten vart sendt til dykkar i januar 2025, men kan sendast på nytt ved førespurnad. I Rauma kommune er hjortebestanden så høg at det kan gå ut over naturmangfaldet. Vi rår til at kommune tek dette oppe til vurdering i planarbeidet.

